




Betre Tverrfagleg Innsats

DRIFT AV BTI OG STAFETTLOGG

Rutinar, roller og ansvar for leiarar
i Sogndal kommune



Evaluert haust 2023

Oppdatert utgåve gjeldande frå 15.11.2023

Innhald

BETRE TVERRFAGLEG INNSATS I SOGNDAL: BAKGRUNN, MÅL OG KOMPETANSE.....	4
BETRE TVERRFAGLEG INNSATS I SOGNDAL.....	4
MÅL FOR BTI-ARBEIDET I SOGNDAL KOMMUNE	5
HOVUDMÅL FOR BTI-ARBEIDET.....	5
EFFEKTMÅL BTI-ARBEIDET	5
LEIARAR HAR ANSVAR FOR KOMPETANSE HOS DEI TILSETTE	6
BETRE TVERRFAGLEG INNSATS I SOGNDAL: RUTINAR, ROLLER OG ANSVAR FOR LEIARAR	7
KOMMUNEDIREKTØREN HAR DET OVERORDNA ANSVARET FOR:.....	7
KOMMUNALSJEF OPPVEKST HAR ANSVARET FOR.....	7
KOMMUNALJEF HELSE- OG OMSORG HAR ANSVARET FOR	8
KOMMUNALSJEF FOR SAMFUNNSUTVIKLING, KULTUR OG INNOVASJON HAR ANSVARET FOR AT TILSETTE.....	8
LEIAR ØKONOMI HAR ANSVARET FOR	8
BARNEHAGAR	9
LEIAR FOR SOGNDALSBARNEHAGANE FOR	9
STYRAR I KVAR BARNEHAGE HAR ANSVARET FOR:.....	9
GRUNNSKULAR	10
LEIAR FOR SOGNDALSSKULEN:.....	10
REKTOR VED KVAR SKULE	11
REKTOR VED SOGNDAL OPPLÆRINGSENTER	12
TENESTELEEIAR FOR LEGE – OG JORDMORTENESTA.....	12
JORDMORTENESTA.....	13
JORDMORTENESTA:.....	13
HELESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTA.....	13
LEIAR FOR HELESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTA	13
HELESTASJON 0-5 ÅR:	13
SKULEHELSETENESTA GRUNNSKULE:	14
SKULEHELSETENESTA VIDAREGÅANDE SKULE	14
ERGO- OG FYSIOTERAPITENESTE FOR BARN OG UNGE	14
PPT (PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE).....	15
SYSTEMNIVÅ	15
INDIVIDNIVÅ	15
BARNEVERNTENESTA	16

LEIAR.....	16
INDIVIDNIVÅ	16
NAV FLYKTNINGTENESTA	17
LEIAR.....	17
INDIVIDNIVÅ	17
NAV.....	18
LEIAR:.....	18
SYSTEMNIVÅ:	18
ANDRE KOMMUNALE TENESTER: BU- OG MILJØ HELSE (BARN/VAKSNE), FASTLEGAR, FYSIOTERAPI FOR VAKSNE OG ANDRE SOM KJEM I KONTAKT MED BARN/UNGDOM/FØRESETTE.....	18
REKTOR VED KULTURSKULEN	19
UNGDOMSKOORDINATOR	19
LEIAR FOR FOLKEBIBLIOTEKET	19
BUP, ANNAN SPESIALISTHELSETENESTE	19

BETRE TVERRFAGLEG INNSATS I SOWNDAL

BAKGRUNN, MÅL OG KOMPETANSE

BETRE TVERRFAGLEG INNSATS I SOWNDAL

Betre tverrfagleg innsats er ein kommunal samhandlingsmodell byggjer på prinsippa tidleg innsats, brukarmedverknad og tverrfagleg samhandling. BTI er ein modell for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging av utsette barn og unge.

BTI skal styrkja Sogndal kommune sitt arbeid med å førebyggja og hindra problemutvikling, av barn og unge.

Betre tverrfagleg innsats er ein samhandlingsmodell med ein handlingsretteliar, felles nettside og ein elektronisk stafettlogg som tenestene i Sogndal skal bruke i møte med gravide, barn og unge og foreldre det er knytt undring eller bekymringar til. Barn/ungdom og foreldra deira skal involverast på eit tidleg tidspunkt. Unntaket er ved mistanke om vald og overgrep; då skal ein kontakte barnevern/og eller politi for vidare handtering.

Rutinane og ansvarsfordelinga som er skildra i dette dokumentet, skal sikra at BTI vert implementert og institusjonalisert på tvers av tenestene og at leiaransvar er tydeleg definert.

Foreldre kan sjølv be helsestasjon, barnehage eller skule om å vurdera å oppretta ein stafettlogg rundt eige barn / ungdom. Modellen sikrar ein god og ryddig saksgang og lett tilgjengeleg informasjon for alle involverte aktørar.

Det tverrfaglege ansvaret for førebygging, tidleg innsats og samarbeid er styrka gjennom lovendringar som tredde i kraft i 2022:

- [Barnevernreforma](#), også kalla oppvekstreforma
 - Frå 1. januar 2022
 - Større kommunalt ansvar for barnevernet
 - Større merksemd på kommunen sitt arbeid med førebygging på tvers av tenester og tidleg innsats
 - Krav til politisk vedteken plan i kommunen som viser korleis kommunen arbeider på tvers av tenestene for å forebygga åtferdsvanskår og omsorgssvikt
 - Skjerpa plikt til samordning og samarbeid på tvers av tenestene gjennom [harmonisering av 14 velferdstenestelover](#)
 - Plikt til samarbeid på individnivå
 - Plikt til samarbeid på systemnivå
 - Barnekoordinator

MÅL FOR BTI-ARBEIDET I SOWNDAL KOMMUNE

Hovudmålet er at alle barn og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. Barn, unge, gravide og familiar i Sogndal skal møte gode og lett tilgjengelege tenester som byggjer på den enkelte sine ressursar.

Tidleg innsats, brukarmedverknad og samordna tenester sikrar heilskaplege tilbod.

BTI-modellen bidreg til å operasjonalisera måla i samfunnsplanen:

Koordinerte og tilgjengelege helse- og oppveksttenester for barn og unge

- Sørge for kontinuerleg kvalitetsutvikling i tenestene, t.d. gjennom betre tverrfagleg innsats-modellen
- Sikre tett oppfølging av barn og unge gjennom sjølvstendige tilsette og samhandling på tvers

Best mogleg føresetnader for utsette barn og unge

- Sørge for å ha system og kompetanse for å fange opp barn og unge med vanskar
- Gje langsiktig og samordna (koordinert) oppfølging til utsette barn og unge

HOVUDMÅL FOR BTI-ARBEIDET

Sogndal kommune skal gje tidleg og rett hjelp til alle barn, unge, familiarer og gravide som treng det.

EFFEKTMÅL BTI-ARBEIDET

Effektmål for organisasjonen: (langsiktige målbare effektar)

- Den heilskaplege og samordna innsatsen kring sårbare barn er styrka
 - alle tilsette som jobbar med barn, unge og familiarer jobbar i tråd med den digitale modell

Effektmål for barn, unge og familiarer: (langsiktige målbare effektar)

- Barn, unge og familien får lett tilgjengeleg hjelp
- Barn, unge og familien får hjelp til rett tid
- Barn, unge og familien får tilpassa hjelp ut frå deira behov og situasjon
 - Systematisk oppfølging av barnet gjennom oppveksten – frå jordmor, helsestasjon og ved overgang barnehage - skule, og overgang til ny skule

- God samanheng og godt samarbeid på tvers av sektorar
- Det skal vera lett å finna informasjon om hjelpeordningane
- Både born, foreldre og tenestene skal lett finna ut kva dei skal gjera om dei er bekymra
- Barn, unge og familiarer er involverte og medverkar i eigne prosessar

LEIARAR HAR ANSVAR FOR KOMPETANSE HOS DEI TILSETTE

BTI-modellen er ein struktur med fire prosessar og tilhøyrande verktøy.

Ein føresetnad for å bruka modellen og verktøya er at tilsette har kompetanse i å utføra oppgåvene i tenestene, slik modellen skildrar. Vi snakkar om to typar kompetanse:

- å forstå prinsippa bak og kunna bruka BTI
- å vera i stand til å utføra dei oppgåvene som ligg til dei ulike arbeidsprosessane i modellen.
- Tilsette må ha kunnskap og kompetanse om:
 - Risiko- og beskyttelsesfaktorar
 - Teikn og signal som gjev grunn til uro for eit barn/ein ungdom
 - Rutinar for korleis ein skal handla på bakgrunn av uro.
 - Samtale med barn/ungdomar ein er uroa for
 - Samtale med føresette til barn/ungdomar ein er uroa for
 - Rutinar for samhandling med andre tenester, inkludert kunnskap om teieplikt og samtykke
 - Forståing for eigen og andre faggruppers spesifikke kompetanse, og når det er behov for at andre må hjelpa
 - Samhandlingsarenaene

[Nasjonal fagleg retningslinje for tidleg oppdagelse av sårbare barn og unge](#) gjev føringar om kunnskapsbaserte anbefalingar til kommunen om å styrke oppdagar og handlingskompetansen.

Leiarar i kommunen har ansvar for at:

- tilsette som arbeider med barn og unge har kunnskap og kompetanse
- det ligg føre rutinar for korleis tilsette skal handla ved uro
- samarbeidsavtalar mellom tenestene

BETRE TVERRFAGLEG INNSATS I SOWNDAL RUTINAR, ROLLER OG ANSVAR FOR LEIARAR

KOMMUNEDIREKTØREN HAR DET OVERORDNA ANSVARET FOR:

- At alle tilsette som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær har generell kunnskap om beskyttande faktorar og risikofaktorar og om teikn og signal som kan gje grunnlag for å oppdaga utsette barn og unge.
- At alle tilsette som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær kjenner til rutinar for korleis ein skal handla på bakgrunn av uro.
- Tenestene som arbeider med barn, unge, gravide og familiær har avtalar om samarbeid på systemnivå for å sikre god oppfølging av barn og unge
- Å ha BTI som tema i eksisterande møtearenaer på leiarnivå
- At BTI inngår i internkontrollsystemet i Sogndal kommune.
- At BTI-arbeidet vert svara ut i årsmelding og budsjett.

KOMMUNALSJEF OPPVEKST HAR ANSVARET FOR

- At tilsette innan eininga som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær har generell kunnskap om beskyttande faktorar og risikofaktorar og om teikn og signal som kan gje grunnlag for å oppdage utsette barn og unge.
- At tilsette innan eininga som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær kjenner til rutinar for korleis ein skal handla på bakgrunn av uro.
- Drift, vedlikehald og utvikling av BTI og stafettloggen i Sogndal. Dette inkluderer både budsjett- og systemansvar.
- Å sikre drift og oppdateringar for nettløysinga for BTI-sida, samhandlingsmodellen, oppdatering av rutinar, vedlikehald, oppdatering av dokument (verktøy og skjema) og BTI handlingsrettleiarar.
- Å sikre at endringar i rutinar vert oppdatert i kvalitetssystemet TQM
- Å ha BTI som tema i eksisterande møtearenaer på leiarnivå
- Samarbeidsavtalar med aktørar utanfor Sogndal som har ansvar for tidleg identifikasjon av risiko og oppfølging
- Følgjer flyten av loggar ved kontroll to gonger i året gjennom rolla som «kommuneadministrator» for Visma Flyt Samspill stafettlogg.

KOMMUNALJEF HELSE- OG OMSORG HAR ANSVARET FOR

- At tilsette innan eininga som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær har generell kunnskap om beskyttande faktorar og risikofaktorar og om teikn og signal som kan gje grunnlag for å oppdage utsette barn og unge.
- At tilsette innan eininga som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær kjenner til rutinar for korleis ein skal handla på bakgrunn av uro.
- Å ha BTI som tema i eksisterande møtearenaer på leiarnivå

KOMMUNALSJEF FOR SAMFUNNSUTVIKLING, KULTUR OG INNOVASJON HAR ANSVARET FOR AT TILSETTE

- Som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær har generell kunnskap om beskyttande faktorar og risikofaktorar og om teikn og signal som kan gje grunnlag for å oppdage utsette barn og unge.
- Som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær kjenner til rutinar for korleis ein skal handla på bakgrunn av uro.

LEIAR ØKONOMI HAR ANSVARET FOR

- At BTI-arbeidet vert svara ut i årsmelding og budsjett.

- LEIAR HR HAR ANSVARET FOR :

BTI inngår i internkontrollsystemet i Sogndal kommune

BARNEHAGAR

LEIAR FOR SOGNDALSBARNEHAGANE FOR

- Årleg dialogmøte i kvar barnehage saman med styrar om BTI-arbeidet og vedlikehaldsarbeid for bruk av stafettloggen.
 - Drøfting av prinsippa i BTI:
 - Tidleg innsats
 - Samordna tenester/tverrfagleg samarbeid (inkludert gode overgangar)
 - Brukarmedverknad (foreldremedverknad, foreldresamarbeid, barnets stemme)
 - Korleis kan barnehagen sjå teikn på god BTI-praksis og at BTI-arbeidet fungerer?
 - Korleis fungerer språket i stafettloggen – særleg formulering av mål og tiltak?
- BTI og stafettloggen som tema på styrarmøte ein gong i halvåret
- Følgjer flyten av loggar ved kontroll to gonger i året gjennom rolla som «kommuneadministrator» for Visma Flyt Samspill, stafettlogg. Eigne rutinar for dette.
- Å sikre opplæring i BTI-modellen for nyutdanna og nytilsette
- Å sikre BTI-tema i årshjula i barnehage:
 - Gjennomgang av BTI-rettleiar med nivå, steg, tekst og verktøy
 - Case-øving
 - Øving på samtale med barn og føresette (nivå 0 steg 3), til dømes ved å bruka materiell frå RVTS som *Trygg til handling* og Snakkemedbarn.no

STYRAR I KVAR BARNEHAGE HAR ANSVARET FOR:

- At tilsette brukar BTI-rettleiarene ved uro for eit barn
- At BTI-arbeidet er tema på personalmøte i barnehagen:
 - Drøfting av prinsippa i BTI:
 - Tidleg innsats
 - Samordna tenester/tverrfagleg samarbeid (inkludert gode overgangar)
 - Brukarmedverknad (foreldremedverknad, foreldresamarbeid, barnets stemme)
 - Korleis kan barnehagen sjå teikn på god BTI-praksis og at BTI-arbeidet fungerer?
 - Korleis fungerer språket i stafettloggen – særleg formulering av mål og tiltak?
- Å korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen

- Oversikt/kontroll over aktive loggar to gonger årleg. Går gjennom korleis tiltaka i loggen vert følgde opp, eventuelt sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar
- Å legg til rette for at ressursteamet har særleg kompetanse om BTI-rettleiarene og om stafettlogg.
- Å sikre at BTI-rettleiar vert brukt i møte som del av støttesystemet (ressursteam) og i andre møte der ein er uroa for eit barn
- Å sikre gode overgangar saman med stafetthaldar
- Å sikre BTI-tema i årshjula i barnehage:
 - Opplæring i bruk av BTI-handlingsrettleiar og stafettloggen til alle tilsette ved oppstart, vise kvar ein finn nettsida og BTI resursside på intranett.
 - Gjennomgang av BTI ressursside (intranett. Kompetanseplan).
 - Case-øving
 - Øving på samtale med barn og føresette (nivå 0 steg 3), til dømes ved å bruka materiell frå RVTS som *Trygg til handling* og Snakkesimulator - snakkemedbarn.no

GRUNNSKULAR

LEIAR FOR SOGNDALSSKULEN:

- Årleg dialogmøte i kvar skule saman med rektor/leiargruppa om BTI-arbeidet og vedlikehaldsarbeid for bruk av stafettloggen.
 - Drøfting av prinsippa i BTI:
 - Tidleg innsats
 - Samordna tenester/tverrfagleg samarbeid (inkludert gode overgangar)
 - Brukarmedverknad (foreldremedverknad, foreldresamarbeid, barnets stemme)
 - Korleis kan skulen sjå teikn på god BTI-praksis og at BTI-arbeidet fungerer?
 - Korleis fungerer språket i stafettloggen – særleg formulering av mål og tiltak?
- BTI og stafettloggen som tema på rektor-/leiarmøte ein gong i halvåret
- Følgjer flyten av loggar ved kontroll to gonger i året gjennom rolla som «kommuneadministrator» for Visma Flyt Samspill, stafettlogg.
- Sikrar opplæring i BTI-modellen for nyutdanna og nytilsette
- Sikrar BTI-tema i årshjula i skule:
 - Gjennomgang av BTI-rettleiar med nivå, steg, tekst og verktøy
 - Case-øving

- Øving på samtale med barn og føresette (nivå 0 steg 3), til dømes ved å bruka materiell frå RVTS som *Trygg til handling* og [Snakkesimulator – snakkemedbarn.no](http://Snakkesimulator - snakkemedbarn.no)

REKTOR VED KVAR SKULE

- Ansvar for at tilsette brukar BTI-rettleiarene ved undring og uro for ein elev
- Ansvar for at BTI-arbeidet er tema på personalmøte på skulen:
 - Drøfting av prinsippa i BTI:
 - Tidleg innsats
 - Samordna tenester/tverrfagleg samarbeid (inkludert gode overgangar)
 - Brukarmedverknad (foreldremedverknad, foreldresamarbeid, barnet si stemme)
 - Korleis kan skulen sjå teikn på god BTI-praksis og at BTI-arbeidet fungerer?
 - Korleis fungerer språket i stafettloggen – særleg formulering av mål og tiltak?
- Har oversikt/kontroll over aktive loggar to gonger årleg. Går gjennom korleis tiltaka i loggen vert følgde opp, eventuelt sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar
- Ansvar for å korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen ved behov
- Sikrar at BTI-rettleiar vert brukt i møte som del av støttesystemet (ressursteam og andre møter) når ein er uroa for eit barn
- Sikrar gode overgangar saman med stafetthaldar
- Sikrar BTI-tema i årshjula i skule:
 - Opplæring i bruk av BTI-handlingsrettleiar og stafettloggen til alle tilsette ved oppstart, vise kvar ein finn nettsida og BTI resursside på intranett.
 - Gjennomgang av BTI ressursside (intranett. Kompetanseplan).
 - Case-øving
 - Øving på samtale med barn og føresette (nivå 0 steg 3), til dømes ved å bruka materiell frå RVTS som *Trygg til handling* og [Snakkesimulator – snakkemedbarn.no](http://Snakkesimulator - snakkemedbarn.no)

REKTOR VED SOGNDAL OPPLÆRINGSENTER

- Det kan vera aktuelt at vaksenopplæringa er aktør i stafettlogg der elev ved vaksenopplæringa er føresett til barn med stafettlogg.
- Rektor har ansvar for å korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen ved behov
- Sikrar BTI-tema i årshjulet for tilsette:
 - Opplæring i bruk av BTI-handlingsrettleiar med nivå, steg, forklarande tekst og tilhøyrande verktøy og stafettloggen til alle tilsette, vise kvar ein finn nettsida og BTI ressursside på intranett.
 - Case-øving
 - Gjennomgang av BTI ressursside (intranett. Kompetanseplan).
 - Øving på samtale med barn og føresette (nivå 0 steg 3), til dømes ved å bruka materiell frå RVTS som *Trygg til handling* og Snakkemadbarn.no
- Presentasjon av BTI og stafettloggen for elevane:
 - Gjennomgang av BTI-rettleiar på nettsida
 - Kjennskap til teikn og signal på mistrivnad hos barn (nivå 0 i BTI-modell), kunnskap om kommunale tenester (nivå 1-2-3 i BTI-modell), gjerne som del av introduksjonsprogrammet

TENESTELEEIAR FOR LEGE – OG JORDMORTENESTA

- At tilsette innan tenesta som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær har generell kunnskap om beskyttande faktorar og risikofaktorar og om teikn og signal som kan gje grunnlag for å oppdage utsette barn og unge.
- At tilsette innan tenesta som kjem i kontakt med barn, unge, gravide og familiær kjenner til rutinar for korleis ein skal handla på bakgrunn av uro.
- Å ha BTI som tema i eksisterande møtearenaer som gjeld legar og jordmødrer i Sogndal.
- Å informera om handlingsrettleiar og BTI-rutinar til legar og jordmødrer knytte til kommunale tenester.

JORDMORTENESTA

JORDMORTENESTA:

Ved uro/bekymring for den gravide og det komande barnet, nyttar jordmortenesta BTI-modellen og stafettlogg på lik linje med dei andre tilsette i helsestasjonen. Jordmor sikrar god overgang til aktuell helsejukepleiar rett før/etter fødsel.

HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTA

LEIAR FOR HELSESTASJONS- OG SKULEHELSETENESTA

- Ansvar for å korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen ved behov
- Gjev informasjon om nettsida og opplæring i korleis ein brukar handlingsrettleiar og stafettlogg til nyttilsette
- Ansvar for at rutinar for at foreldre får informasjon om nettsida og BTI-arbeidet gjennom helsestasjonen
- Har oversikt/kontroll over aktive loggar to gonger årleg. Går gjennom korleis tiltaka i loggen vert følgde opp, eventuelt sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar.
- Saman med stafetthaldar sikra gode overgangar av BTI-arbeidet og stafettloggen frå helsestasjon til barnehage, frå skulehelsetenesta til skule, eller ved flytting
- Opplæring i bruk av BTI-handlingsrettleiar med nivå, steg, forklarande tekst og tilhøyrande verktøy og stafettloggen til alle tilsette ved oppstart og visa kvar ein finn nettsida
- Gå gjennom status og oppsummering av BTI-arbeidet i personalmøte to gonger per år, gjerne med felles refleksjon, kollegarettleiing, erfaringsdeling, øving ved hjelp av rollespel, case, nettressursar som snakkemedbarn.no.

HELSESTASJON 0-5 ÅR:

- Helsejukepleiar informerer om BTI og stafettloggen til alle foreldre på heimebesøk
- Helsestasjonen er ansvarleg for å oppretta stafettlogg for:
 - Barn 0-1 år som ikkje er begynt i barnehage
 - Barn 1-5 år som ikkje går i barnehage
 - Barnehagebarn der foreldre tek kontakt og ber om hjelp.
Avklara med aktuell barnehage kven som er stafetthaldar.

SKULEHELSETENESTA GRUNNSKULE:

- Samarbeida med skulen/kontaktlærar om BTI-arbeid og stafettlogg, på systemnivå og individnivå
 - Vurdera å oppretta stafettlogg ved helserelaterte utfordringar hos elevar – ved samtykke, og gjerne i samarbeid med kontaktlærar
 - Vurdera å overføra stafettloggen til den som har den daglege kontakten med eleven
 - Informasjon til foreldra i samarbeid med skulen, etter vedteken plan for foreldremøte
-

SKULEHELSETENESTA VIDAREGÅANDE SKULE

- Intensjon: Sogndal gjer ei vurdering i løpet av 2023/2024 om korleis skulehelsetenesta skal arbeida systematisk etter BTI-modellen og i Visma Flyt Samspill, stafettlogg i vidaregåande skule
- Vurdera å oppretta stafettlogg i samarbeid der helsejukepleiar har tett kontakt

ERGO- OG FYSIOTERAPITENESTE FOR BARN OG UNGE

- Leiari har hovudansvar for å korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen
- Leiari har oversikt/kontroll over aktive loggar to gonger årleg. Gå gjennom korleis tiltaka i loggen vert følgde opp, eventuelt sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar.
- Vurdera å oppretta stafettlogg ved helserelaterte utfordringar hos barn/elevar – ved samtykke, og gjerne i samarbeid med pedagogisk leiari/kontaktlærar
- Vurdera å overføra stafettloggen til den som har den daglege kontakten med barnet/elev
- Samarbeida med barnehagen/skulen/helsestasjons- og skulehelsetenesta og andre tenester i BTI-arbeid og i samarbeidsmøte der det er aktuelt.

PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE(PPT)

PPT vil hovudsakleg ha ei rolle som rådgjevar på nivå 0 og 1, og kan vera aktør på nivå 2 og 3. PPT kan ha stafetthaldarrolla og ansvar for stafettlogg på nivå 3.

SYSTEMNIVÅ

- Leiar har ansvar for at tilsette har kjennskap til BTI-modellen, stafettloggen og BTI- handlingsrettleiar
- Leiar har ansvar for opplæring i bruk av BTI-handlingsrettleiar med nivå, steg, forklarande tekst og tilhøyrande verktøy og stafettloggen til alle tilsette og nytilsette (gjerne ved oppstart kvar haust)
- Leiar har ansvar for gjennomgang av status og oppsummering av BTI-arbeidet i personalmøte to gonger per år.
- PPT er representert i ressursteam i barnehage og skule etter oppsett plan
- Kontaktpersonar frå PPT har fokus på BTI og stafettloggarbeid ved «sine» barnehagar og skular gjennom støttesystem for barnehage og skule, ressursteam og faglege råd.
- Representant i BTI-team og kommunalt innsatsteam for trygt og godt barnehage og skolemiljø.
- Har oversikt/kontroll over aktive loggar tre gonger årleg. Går gjennom korleis tiltaka i loggen vert følgde opp, eventuelt sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar.
- Har hovudansvar for å oppdatera/korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen ved behov

INDIVIDNIVÅ

- Som del av tilvisingsrutinen skal det liggja føre dokumentasjon på gjennomført BTI-arbeid på nivå 0 og 1
- Tiltak i stafettloggen er del av vurderingsgrunnlaget av behov for vidare tiltak/oppfølging av PPT
- PPT vil hovudsakleg ha ei rolle som rådgjevar på nivå 0 og 1, og kan vera aktør på nivå 2 og 3. PPT kan ha stafetthaldarrolla og ansvar for stafettlogg på nivå 3.
- Vi nyttar Visma Flyt Samspill, stafettlogg som felles samarbeidsplattform i det tverrfaglege samarbeidet mellom tenestene og føresette

BARNEVERNTENESTA

Barnevernstenesta vil ha ei rolle som rådgjevar på nivå 0 og 1, og kan vera aktør på nivå 2 og 3. Barnevernstenesta kan ha stafetthaldarrolla og ansvar for stafettlogg på nivå 3.

LEIAR

- Leiari har ansvar for opplæring i bruk av BTI-handlingsrettleiar med nivå, steg, forklarande tekst og tilhøyrande verktøy og stafettloggen til alle tilsette
- Leiari har ansvar for at tilsette har kjennskap til BTI-modellen, stafettloggen og handlingsrettleiar, også nyttilsette
- Leiari har ansvar for gjennomgang av status og oppsummering av BTI-arbeidet i personalmøte to gonger per år
- Har oversikt/kontroll over aktive loggar to gonger årleg. Gjeld oppfølging av tiltaka i loggen, eventuell sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar
- Leiari har hovudansvar for å korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen
- Har hovudansvar for å oppdatera/korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen ved behov

Systemnivå:

- Rettleiande funksjon når einingar tek kontakt med barnevernstenesta. Gje råd om risikofaktorar, teikn, signal og samtalar på nivå 0.
- Nyte BTI-modellen og nettsida aktivt. Vise til aktuelle verktøy og ressurside BTI (intranett) i møte med den/ dei som treng rettleiinga
- Kontaktpersonar frå barnevernet har fokus på BTI og stafettloggarbeid ved «sine» barnehagar og skular gjennom faglege råd i sin kontakt med dei ulike einingane
- Representant i BTI-team
- Invitert inn i ressursteam ved behov

INDIVIDNIVÅ

- Som del av melderutinen, bør det liggja føre dokumentasjon på gjennomført BTI-arbeid og eventuelt ei oppsummering frå stafettlogg.
- Tiltak i stafettloggen kan vera ein del av vurderingsgrunnlaget av behov for vidare tiltak/oppfølging av barnevernet

- Barneverntenesta vil hovudsakleg ha ei rolle som rådgjevar på nivå 0 og 1, og kan vera aktør på nivå 2 og 3. Barneverntenesta kan ha stafetthaldarrolla og ansvar for stafettlogg på nivå 3.
- Barneverntenesta nyttar Visma Flyt Barnevern i si sakshandsaming.
- Tverrfagleg samarbeid: Vi nyttar Visma Flyt Samspill stafettlogg som felles samhandlingsplattform mellom føresette og dei aktuelle tenestene i det tverrfaglege samarbeidet.
- Sogn barnevern deltek i oppretta Stafettloggar

NAV FLYKTNINGTENESTA

LEIAR

- Leiari og familiekoordinator går gjennom handlingsrettleiarar og verktøy på nettsida, ressursar om barn som pårørande på nettsida og stafettloggen ved i personalmøte ved oppstart kvar haust
- Status og gjennomgang av BTI-arbeid som tema for to personalmøte per år
- Gjev informasjon om nettsida, handlingsrettleiarar og stafettlogg til nyttilsette
- Har oversikt/kontroll over aktive loggar tre gonger årleg. Går gjennom korleis tiltaka i loggen vert følgde opp, eventuelt sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar.
- Har hovudansvar for å oppdatera/korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen

INDIVIDNIVÅ

- I situasjonar der Nav Flyktningtenesta har best kontakt med familien, gjerne den første tida etter tilflytting, kan dei oppretta stafettlogg
- Loggen vert overført til den eininga som har den daglege kontakten med barnet/den unge (i praksis som oftast barnehage eller skule) når kontakten mellom barnet/den unge og aktuell teneste er etablert
- Flyktningtenesta/ familiekoordinator deltek i samarbeidsmøte med helhestasjon/skulehelseteneste, barnehage, skule, PPT eller andre aktuelle aktørar for å rettleia og/eller vera involverte i tiltak der det er aktuelt
- Tverrfagleg samarbeid: Vi nyttar Visma Flyt Samspill stafettlogg som felles samhandlingsplattform mellom føresette og dei aktuelle tenestene i det tverrfaglege samarbeidet.

LEIAR:

- Går gjennom handlingsrettleiar og verktøy på nettsida, ressursar om barn som pårørande på nettsida og stafettloggen i personalmøte
 - Status og oppsummering av BTI-arbeidet er tema i to personalmøte per år, gjerne inkludert øving/rollespel/case
 - Gjev informasjon om nettsida, handlingsrettleiarar og stafettlogg til nytilsette
 - Har oversikt/kontroll over aktive loggar to gonger årleg. Gjeld oppfølging av tiltaka i loggen, eventuell sjukemelding/fråvær hos stafetthaldar, oppfølging av stafetthaldar
 - Har hovudansvar for å oppdatera/korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen
-

SYSTEMNIVÅ:

- Vaksentenestene har ansvar for å kartleggja informasjons- og oppfølgingsbehov hos barn som er pårørande til foreldre eller søsken med psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigkeit, alvorleg somatisk sjukdom, skade eller andre kriser
- Vaksentenestene brukar BTI-modellen med handlingsrettleiar på nettsida og stafettlogg på lik linje med andre tenester, etter samtykke, og gjerne i samråd med andre tenester
- Loggen skal vurderast å verta overført til den eininga som har den daglege kontakten med barnet/den unge, viss det er føremålstenleg
- Vaksentenestene deltek i samarbeidsmøte med helsestasjon, barnehage, skule, PPT, familiesenter og barnevern om stafettlogg for å rettleia og/eller verta involvert i tiltak der det er aktuelt

**ANDRE KOMMUNALE TENESTER: BU- OG MILJØ, HELSE
(BARN/VAKSNE), FASTLEGAR, FYSIOTERAPI FOR VAKSNE,
ANDRE SOM KJEM I KONTAKT MEDBARN/UNGDOM/FØRESETTE**

- Leiarar ved dei ulike tenestene har ansvar for å gjea BTI-handlingsrettleiar og rutinar kjent for alle som møter barn, unge, gravide og familiar gjennom arbeidsoppgåvene sine
- Alle tenestene skal sikra at barn og unge vert høyrde i saker som vedkjem dei, på individnivå og systemnivå
- Alle som gjennom arbeidet sitt møter barn, unge, gravide og familiar har plikt til å følga med på korleis barn og unge har det, og har plikt til å handla ved uro. Leiarane for dei ulike tenestene har ansvar for at alle tilsette har kompetanse og rutinar om dette

REKTOR VED KULTURSKULEN

- Rektor har ansvar for at tilsette veit kva ein gjer ved uro, veit kva ein skal sjå etter for å avdekka mistriknad eller vald og overgrep
- Tilsette ved kulturskulen kan vera del av tverrfagleg samarbeid i etablerte saker og aktørar i stafettloggar på nivå 2 og 3
- Rektor har ansvar for å oppdatera/korrigera lista over aktuelle tilsette i stafettloggen
- Rektor har ansvar for å utarbeida årshjul for kulturskulen, som skal oppdaterast årleg. Årshjulet skal innehalda:
 - Opplæring i bruk av BTI-handlingsrettleiar med nivå, steg, forklarande tekst og tilhøyrande verktøy til alle tilsette ved oppstart om hausten
 - visa kvar ein finn nettsida og ressurside BTI (intranett)
 - Tema for avdelingsmøte to gonger per år, gjerne ved å gjennomføra case-øvingar

UNGDOMSKOORDINATOR

- Gjennomgang av BTI-handlingsrettleiar med nivå, steg, forklarande tekst og tilhøyrande verktøy til alle tilsette ein gong årleg
- Ansvar for at tilsette veit kva ein skal sjå etter for å avdekka mistriknad eller vald og overgrep og vita kva ein gjer ved uro

LEIAR FOR FOLKEBIBLIOTEKET

- Gjennomgang av BTI-handlingsrettleiar med nivå, steg, forklarande tekst og tilhøyrande verktøy til alle tilsette ein gong årleg
- Ansvar for at tilsette veit kva ein skal sjå etter for å avdekka mistriknad eller vald og overgrep og vita kva ein gjer ved uro

BUP, ANNAN SPESIALISTHELSETENESTE

- Spesialisthelsetenesta deltek i samarbeid på nivå 2 eller 3 der dette er aktuelt
- Deltek i samarbeidsmøte
- Vi nyttar Visma Flyt Samspill, stafettlogg i det tverrfaglege samarbeidet mellom føresette og aktuelle einingar. BUP og andre aktuelle vert invitert inn i planen etter samtykke frå føresette og ungdom over 15 år.